



Filippinar i arbeid under framand flagg på Børnes

**Ein lastebåt med eit flagg vi aldri har sett før ligg ved Børnes kai!
Det var tipset vi fekk og ved nærare sjekk var uskedalen.no like
uvitande som tipsaren.
Det viste seg å vera Framfjord til Fonnes i Austrheim, men flagget
var like mystisk for oss inntil vi fekk svar frå
ein i det filippinske mannskapet som var i intenst vedlikehaldsarbeid.
- Vi seglar under Kitts flagg, var svaret og dermed fekk vi eit tema
for spørsmål under neste quiz på Systrene Nilsen!**

For kva er Kitts der båten som tidlegare har hørt heime i
Åkrehamn no er registrert?

Kitts er Federation of Saint Kitts and Nevis som er to små øyer i Karibia og har 42 696 innbyggjarar.

Hovudstaden er Besseterre, som det også står bak på båten.
Landet er eit konstitusjonelt monarki med Elisabeth II som statsoverhovud,
sjølv om det vart uavhengig av Storbritannia i 1983.

Nasjonalsangen stasrtar med 'O land of beauty' og det stemmer sikkert ettersom
øyene er vulkanske med fjell inne i jungelen, elvar og ein innsjø.
Økonomien vert dominert av turisme, jordbruk og lettare industri.
I 2009 var nesten 600 000 turistar innom ettar ein stor auke på få år.

I vårt oppslagsverk står det ikkje noko om at landet er eit
skatteparadis.
Men det er sikkert ein grunn til at det står Besseterre bak på båten i staden
for Åkrehamn....

Elles er det som ein forstår nesten ikkje grenser for kva ein kan læra ved å vitja Børnes kai...

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen